



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	09.01.2018
Tid:	13:30 – 15:00

Medlemmer som møtte:

Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Solveig Helen N. Båtsvik	MEDL	FRP
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Linn-Therese Hansen Sævik	Solveig Helen N. Båtsvik	KRF
Bjørn Otterlei	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Olaug Andreassen	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Planleggar Erlend Vikestrand
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Til å skrive under protokollen saman med varaordføraren vart desse valde:
Kjell Runde og Svein Gjelseth

Skriv delt ut i møte:

AMU-sak 3/18

Drøftingar:

Utsetting av kommunestyremøte 18. januar

Kjell Runde

Camilla Storøy
underskrifter

Svein Gjelseth

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Protokoll frå førre møte
PS 3/18	Delegerte saker
PS 4/18	Søknad om oppstart. Mindre endring av reguleringsplan Kvalsund.
PS 5/18	Klagehandsaming: Reguleringsendring for del av Eggesbøjorda, klage på vedtak om godkjent plan.
PS 6/18	Rovdefjordbrua: Anmodning om teikning av aksjar i selskap
PS 7/18	Søknad om økonomisk bidrag til kronerulling for "Aksjon godstol" ved voldta sjukehus
PS 8/18	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Oppfylgging av vedtak.
PS 9/18	Serviceplakat
PS 10/18	Martin Leinebø - revidert søknad om kai, Leine hamn ytre

Delegerte saker frå avdelingane

DS 1/18

Skifte av styrar for skjenkebevilling - Prego
Restaurante AS

DS 2/18

Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016

PS 1/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 2/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 3/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane vart tekne til vitande.

PS 4/18 SØKNAD OM OPPSTART. MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN KVALSUND.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding med slikt tillegg frå AP, Svein Gjelseth, vart samrøystes vedteken:

Følgjande endringar og tillegg må gjerast før planen vert sendt på høyring og følgje med høyringsdokumenta:

- 1) Område Bevaring av kulturmiljø i sjø, H570_1, må teiknast inn på plankartet.
- 2) Alle endringar må vere omtalt i opplistinga over reguleringsendringane, også endringa for badeområdet.
- 3) Det må omtalast i oversendingspapira til høyringa korleis ein tenkjer å gjere badeområdet tenleg for formålet når ein byggjer det att, t.d. vasskvalitet, tilkomst og drift.
- 4) "o" for offentleg føremål på badeområde går ut.

Folkehelseinstituttet, kommuneoverlege og eventuelt andre aktuelle instansar må setjast på lista over høyringsinstansar for uttale angående opparbeiding og drift av denne type badeområde. Det må klargjerast kva lovverk og forskrifter som vil gjelde for opparbeiding og drift av badeanlegget.

Grunna utviding av byggjeareal ut i sjø må også kystverket og fiskerimynde høyrast.

Vedtak i Formannskapet - 09.01.2018

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av mindre reguleringsendring i reguleringsplan for Kvalsund etter plan- og bygningslova § 12-14.

Følgjande endringar og tillegg må gjerast før planen vert sendt på høyring og følgje med høyringsdokumenta:

- 1) Område Bevaring av kulturmiljø i sjø, H570_1, må teiknast inn på plankartet.
- 2) Alle endringar må vere omtalt i opplistinga over reguleringsendringane, også endringa for badeområdet.
- 3) Det må omtalast i oversendingspapira til høyringa korleis ein tenkjer å gjere badeområdet tenleg for formålet når ein byggjer det att, t.d. vasskvalitet, tilkomst og drift.
- 4) "o" for offentlig føremål på badeområde går ut.

Folkehelseinstituttet, kommuneoverlege og eventuelt andre aktuelle instansar må setjast på lista over høyringsinstansar for uttale angående opparbeiding og drift av denne type badeområde. Det må klargjerast kva lovverk og forskrifter som vil gjelde for opparbeiding og drift av badeanlegget.

Grunna utviding av byggjeareal ut i sjø må også kystverket og fiskerimynde høyrast.

PS 5/18 KLAGEHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR DEL AV EGGESBØJORDA, KLAGE PÅ VEDTAK OM GODKJENT PLAN.

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Vikestrand orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.01.2018

Kommunestyret i Herøy kan ikkje sjå at klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen* på vegne av Sindre Løseth, eigar av gnr. 38, bnr. 51 og 133 datert 27.09.2017 inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsendring for del av Eggesbøjorda vart vedteken i møte 31.08.2017, K-sak 86/17.

Klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen*, på vegne av grunneigar Sindre Løseth vert difor ikkje teken til følge og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 86/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 6/18 ROVDEFJORDBRUA: ANMODNING OM TEIKNING AV AKSJAR I SELSKAP

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då han er prosjektleiar i Rovdefjordsambandet. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.01.2018

Herøy kommunestyre kjøper 11 aksjer i Rovdefjordsambandet AS.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 05290 (kjøp mm), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021
kr 55 000,-

Konto 09480 (bruk av ub.kap.fond), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021

PS 7/18 SØKNAD OM ØKONOMISK BIDRAG TIL KRONERULLING FOR "AKSJON GODSTOL" VED VOLDA SJUKEHUS

Møtebehandling:

Herøy formannskap kom med slik samrøystes tilråding:

Herøy kommune støttar «Aksjon godstol» med kr 15000,-

Tilråding i Formannskapet - 09.01.2018

Herøy kommune støttar «Aksjon godstol» med kr 15000,-

PS 8/18 BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021. OPPFYLGING AV VEDTAK.

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slik samrøystes tilråding:

Formannskapet ynskjer ein gjennomgang av sektorbudsjetta i møte 23. januar.

Komiteleiarane vert også invitert.

Vedtak i Formannskapet - 09.01.2018

Formannskapet ynskjer ein gjennomgang av sektorbudsjetta i møte den 23. januar.

Komiteleiarane vert også invitert.

PS 9/18 SERVICEPLAKAT

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding med slik endring av siste kulepunkt vart samrøystes vedteken:

- overhald teieplikta og handsamar saker utan usakleg forskjellsbehandling.

Tilråding i Formannskapet - 09.01.2018

Kommunestyret godkjenner Serviceplakaten slik han ligg føre og med slik endring av siste kulepunkt:

- overhald teieplikta og handsamar saker utan usakleg forskjellsbehandling.

PS 10/18 MARTIN LEINEBØ - REVIDERT SØKNAD OM KAI, LEINE HAMN YTRE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 09.01.2018

1. M/S Ventura v/Martin Leinebø får utvida reservasjon på næringstomt med inntil 2 år og får utvida kaiareal frå 15 meter til 25 meter som vist i saksutgreiinga.
2. Reservasjonen gjeld i to år rekna frå dato for Formannskapets handsaming av saka og på dei vilkår som gjeld for tildeling av næringstomter
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre sal av tomte.

MØTET SLUTT!